



Ordførar Synnøve Solbakken og varaordførar Synnøve Handeland saman med dagleg leiar Tor Vidar Sæle under ei vitjing som formannskapet hadde på AFA. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**- Styret ser attende på året 2007 som eit godt år med tanke på økonomisk resultat, heiter det i årsmeldinga til AFA som vart lagt fram for generalforsamlinga tidlegare denne veka. Det er no 18 år sidan denne verksemda for yrkeshemma arbeidstakarar vart etablert**

Drifta er i samsvar med mål og rammeføresetnader og med styret sine intensjonar. Bruttoverdien av produkt- og tenestesalet er bra og netto overskot ligg godt over budsjettmålet.

Rekneskapan for 2007 syner eit årsoverskot på 283 268 kroner mot 151.299 i 2006 og 41.260 i 2005. Årsoverskotet vert sett av til annan eigenkapital og denne utgjør då 567.668 kroner mot 284.400 ved førre årsskiftet..

I fjor fekk AFA tilskot på 3.020.004 frå staten og 754.555 frå kommunen. Salsinntektene var 4.753.124 kroner mot 4.071.712 kroner året før. Lønekostnadane var 3.063.4999 mot 2.648.772 i 2006.

AFA har 27 godkjende stillingar for yrkeshemma arbeidstakarar medan det er 6 personar i arbeidsleiinga. Det var ved årsskiftet 12 kvinnelege og 21 mannlege tilsette.

Det heiter i årsmeldinga at den nye, daglege leiar har begynt prosessen med sikte på å styrka og utvida tilbodet med tanke fleire VTA-plassar og oppretta nytt tilbod med avklaringsplassar i Kvinnherad. Etter at dette vart skreve er AFA tildelt tre nye VTA-plassar medan det har kome positive signal frå NAV om avklaringsplassar.

Eit fåtal arbeidstakarar har noko høgt fråver – primært grunna sjukdom – men det er ikkje grunnlag for å setja i verk særskilde tiltak på dette området. Samla frammøte i gruppa har vore etter måten godt. I 2007 har det berre vore eit arbeidsuhell med personskade.

Styret er ikkje endra etter generalforsamlinga. Kjell Ottar Beuge, Hans J. Berje, Leif Kongestøl og Ove Sæbøe vart attvalde i styret medan Kjell Yri og Lovise Sunde ikkje var på val. Styret konstituerar seg sjølv.

Av Ola Matti Mathisen